

Tertnes Maskin AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2348 - 14/12332

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

21.05.2014

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg - gbnr 127/60 - Mongstad

Teknisk drift syner til e-post motteke 19.05.2014 vedkommande søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for oppsetting av kabelskap , gbnr 127/60 - Mongstad.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom kant kommunal veg og tiltak skal være minimum 1,5 meter.
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skade som oppstår på tiltak i samband med drift og vedlikehald av kommunal veg/veggrøft. Dersom det oppstår skade på tiltak under drift og vedlikehald av kommunal veg, er dette kommunen uvedkommande.

Det er med heimel i Veglova § 29 at vegmynde har heimel til å setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunnjevast.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgjer av vedtaket, ikkje kan reisast utan vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Blankett-arbeidsvarsling

Kopi til:

Lindås kommune ved vegdrift

Mottakarar:
Tertnes Maskin AS